



Aksel Mjøs  
Hoshovde 28  
5282 Lonevåg

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1201 - 23/16586

Saksbehandlar:  
Terje Kallekleiv  
terje.kallekleiv@osteroy.kommune.no

Dato:  
12.07.2023

## Høring og offentlig ettersyn: Helldal småbåthamn og strandsoner - Detaljregulering

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 har Heradsstyret i Osterøy kommune dato 21.06.23 gjort vedtak om å leggja planforslaget ut til høring og offentlig ettersyn - og ber relevante styresmakter og private interessentar å kome med evt. merknader til planen.

### VEDTAK HS-sak 056/23:

***“Forslag til reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsoner - PlanID 4630\_2022001 med plankart datert 16.03.23, føresegner datert 21.03.23, planskildring datert 17.03.23 - med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høring og offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10. Før planen vert lagt ut til høring må følgjande rettast:***

- ***I føresegnene til kaiområdet må det stå klart at området også skal fungere som snuplass for vegen ned til sjøen.***
- ***Det må setjast av eit formål for kommunaltekniske anlegg langs traseen for VA i planen.”***

**Frist for å levere merknad er 11.09.2023**

Kunngjeringa kan også lesast på kommunen si heimeside:

<https://www.osteroy.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/hoyringar-og-kunngjeringar/>

### PLANDOKUMENTA FINN DU

Plandokumenta og sakspapir kan du sjå fysisk i resepsjonen på kommunehuset, og du finn dei på nett i kommunen sitt planregister her:

<https://www.arealplaner.no/osteroy4630/arealplaner/106>

## **FORMÅL OG KONSEKVENSAV PLANFRAMLEGGET**

Planforslaget legg til rette for etablering av småbåthamn - og fellesnaust for oppbevaring av utstyr for fritidsaktivitetar i tilknytning til Helldal hyttefelt og Hoshovdstølen bustadområde. Planen legg også til rette for opparbeiding av badeplass og betre tilgang til strandsona for ålmenta.

Tiltaket har eit stort potensiale til å bidra positivt i lokalmiljøet. Anlegget kan fungere godt som sosial møteplass og ein arena for ulike fritidsinteresser knytt til sjø.

Tiltaket har konsekvensar for lokalt dyreliv, men samla sett er verknader på landskapsøkologiske samanhengar vurdert som avgrensa.

Helldalsholmen har hatt hekkande fugl, og aktivitet og støy må særleg avgrensast i hekketida. I dei siste åra har dette først og fremst vore tjeld og fiskemåke. Planløyisinga søker å unngå nærkontakt mellom hekkande fugl og menneskeleg aktivitet. Det finst ingen garanti for at avbøtande tiltak er tilstrekkeleg for at holmen framleis blir brukt som hekkeplass for tjeld og fiskemåke. Likevel ser vi konsekvensane som avgrensa då dette gjeld få hekkande par.

### **Merknader til planforslaget**

Har du merknader til planutforslaget må det sendast skriftleg med **frist 11. 09.2023**. Du kan sende merknadene på e-post til kommunen ([post@osteroy.kommune.no](mailto:post@osteroy.kommune.no)) eller pr. brev til:

Osterøy kommune  
Teknisk forvaltning og plan  
Postboks 1  
5293 Lonevåg

Med helsing

Terje Kallekleiv  
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.